

HAREID ROTARY KLUBB



MÅNADSBREV

SEPTEMBER 2006.

ÅRGANG 42

DISTRIKT 2280

Møtedag: Månd. kl 18.00 - 19.00
Møtestad: Klubbhuset til
Hareid IL
6060 Hareid
President: Hans Gisle Holstad
Visepres.: Åge Nytun
Sekretær: Trygve Riise
Kasserar: Johs. J. Hareide
Past pres.: Arve R. Røyset
Styremedlem: Johan Ole Brandal
Styremedlem: Oddvar Haugen
Ansv. red.: Sverre Bjåstad
Referent: sept: Håvard Myrene

Fødselsdagar i september:

Ingar Bigset	25.09
Johs. Hareide	16.09
Kirsti Øvrelid	30.09
Oddvar Haugen	18.09
John J. Holstad	12.09
Liv Hilde Jøsok	15.09
Walter Jensen	26.09
Jan Rise	25.09
Sanjayan Selvamanick.	30.09
Dagfinn Vattøy	19.09

100% frammøte september:

Hans Gisle Holstad
John Stennes
Svein Johs Flø
Otto Holstad
Gunnar Riise
Trygve Riise
Egil Utgård

Frammøte i sept.: 63,6 %

Kristofer Uppdal:

Kyszen

Han står og kysser ho.
Og ho let att augom.
Ei still høg stund.
Då vil han slepp a.
Ho kan miss vêret
for kyszen hans.

Den fyrst kyszen!
Dei tok han.
Tå lippom
te kvarander.

Kar og kjerring!
Dei står og stirer
te møtes
lipp-i-under!

Dei kan ikkj sjå det
dei kjenne.
Men berre les det
i augom te kvarander.

Publisert: 18.05.2006

*"Publikum gjer eg fan i. Bry deg sytten um kva andre
sier, vær deg sjølv um det ber lukt i heite helvete."
Kristofer Uppdal*

Månadsbrev for Hareid Rotaryklubb – september 2006

Referent: Håvard Myrene

Møte 4. september

Presidenten opna møtet med songen ”nyst munde det regna”, og det gjorde det. Programmet for dagen var dugnad på ”Rotary stien” men på grunn av stri regn vart dugnaden utsett til seinare. Møtet vart programfritt og drøset gjekk rundt borda.

Møte 11. september.

Programmet for dagen var kåseri frå Trygve og Åse sin ferietur til Kina. Her følgjer kåseriet ført i ”pennen” av Trygve:

Kina

Reiseskildring av tur til Beijing og Xian.

Turen gjekk med fly via Oslo, København og til Beijing.

Kina har eit areal på 9,6 mill. km² eller 30 gongar så stort som Noreg og eit folketal på 1,3 milliard. (ca 280 gongar meir enn Noreg. Beijing har eit folketal på 13 mill. Til samanlikning har Europa 9.9 mill km², 720 million mennesker.

Kina si historie som er over 5000 år gamal, er prega av dei forskjellige keisardynastia som utvikla eit spesielt syn på omverda, og som kan sporast heilt fram til vår tid. Den kinesiske kulturen var suveren, og keisaren var himmelen sin son. Kina var sivilisasjonen, og dei såg på seg sjølve som midtens rike, og dei barbariske folkeslaga som låg rundt var berre ute etter å få tak landet sitt overflod.

Det er for langt å kome inn på alle keisardynastia, men Han dynastiet frå 2206 f. Kr. til 320 eKr. etablerte m.a. Silkevegen. Tang dynastiet (618-907) var ei av dei frodigaste periodane i kinesisk historie. Ming (1368-1644) dynastiet var eit ekte kinesisk dynasti og mange av dei byggverka ein møter i Kina i dag er frå denne tida. Det siste keisardynastiet Qing (1644- 1911) kom til å regjere over heile Kina. Det var mansjuriane som dominerte embetsverket i denne perioden, og i over hundre år var det relativt fred med landa som låg omkring.

Etter keisardømet sitt fall i 1911 vart det oppretta ein republikk, og i 1949 oppretta Mao sin folkerepublikk.

Turen frå København til Beijing tok 8 timar der vi landa om morgonen kinesisk tid. Etter å ha installert oss på hotellet gjekk turen til den himmelske freds plass. Mao mausoleet dominerer i sørenden av plassen. Der var det lange køar kvar dag for å kome inn å sjå Mao som ligg på lid deparade. I andre enden av plassen ligg den himmelske freds port som er eit symbol for det revolusjonære Kina med Mao sitt portrett over den høgste av dei 5 portane. Folkets store hus som huser nasjonalforsamlinga og Nasjonalt Museum omkransar på kvar si side av plassen.

Neste dag gjekk turen til den forbodne by. Den forbodne by ligg midt i Beijing sitt sentrum og er keisarpalasset. Til keisarpalasset fekk berre høgtstående embetsmenn og militære tilgang. Den forbodne by målar 760 m frå aust til vest og 1 km frå nord til sør. Bak ein 10 meter høg mur er det bygningar med over 5000 rom. Her budde keisaren og keisarinner, konkubiner og evnukkar, kunstnarar og prestar og eit uttal embetsmenn og tenestefolk. Her levde utallige keisarar i ein ufatteleg rikdom, totalt isolert frå livet i resten av det enorme riket.

I Beijing er der ein eventyrleg byggaktivitet, husa som vart bygd under Mao tida stå no til forfalls og nye bustadskompleks skyt i veret over heile byen. Også den gamle byggestilen med dei såkalla hutongane er i ferd med å forsvinne. Det er i imidlertid gjort vedtak at ein del av dette skal bevarast. Vi var på omvisning i eit slikt område. Turen rundt gjekk med sykkeldrosje. Vi besøkte ein barnehage, spiste lunsj med ei kinesisk familie, og vi var på omvisning i trommetårnet. Vi var innom ein silkefabrikk der vi fekk sjå spinning av silke. I ein kokong er det 10000 m silke. Der var sjølvsagt høve til å kjøpe silkeprodukt, og fleire kjøpte seg silkedyner som dei tok med seg heim.

Beijing City Planning Hall er eit nytt museum og viser korleis Beijing såg ut i farne tider og korleis framtida til Beijing vert planlagt, med m.a. utbyggingane i høve OL.

Etter 3 dagar i Beijing tok vi nattoget til Xian. Byen har ca 3 mill innbyggjarar. Dette er ei reise på 110 mil. Turen tok 11 timar så det gjekk temmeleg fort. Xian har i fleire periodar vore hovudstad, og var endestasjon for silkevegen. Det var herifrå karavanane drog vestover med sin dyrebare last av silke, krydder og andre kostelege varer. Her hadde vi vandring på den store bymuren, var innom Villgåspagoden og den store moskeen. I Kina er det buddismen som er den store religionen, men også konfutsianismen har stor betydning for kinesarane og der er ein stor koloni av muslimar.

Den store turistattraksjonen i Xian er terrakottahæren.

Terrakottahæren vart anlagt av keisar Qun Shihuang i år 221 f.Kr. for å forsvare gravmelet til keisaren etter hans død. Like atter at dem 13 årige keisaren kom til trona tok arbeidet til og varde i 37 år. Opptil 700000 tusen menn arbeidde gjennomgåande heile tida til keisaren døde 50 år gamal. Området er 65 kvadratkilometer stort, nesten så stort som Hareid kommune. Det er berre ein del som er utgrave fordi det viser seg at krigarane hadde farge, og med same dei vart utgrave forsvann fargen. Det er derfor sette stopp i utgravinga til dei har funne ut ein metode til å bevare fargane.

Etter to dagar i Xian tok vi fly tilbake til Beijing og no gjekk turen til den store kinesiske mur. Det er eit imponerende byggverk, ca 6500 km. Arbeidet på muren pågjekk i over 2000 år og millionar av kinesarar arbeidde her under umenneskelege forhold. Dei første delane vart bygd ca 400 f.kr. Den var først og fremst bygd for å demme opp for mongolane i nord. Under Qin dynastiet 221 f. Kr. arbeidde 300000 tusen med å kjede saman dei mange frittstående murane til ein samanhengane mur. Arbeidet to 10 år. Muren må vere eit av dei største turistmåla i verda. Over 5 millionar personar besøker muren kvar år.

Vi vart køyrde i buss nesten fram til muren, deretter var det å gå så langt ein makta. Der var store høgdeforsjeller. Vi starta på ca. 400 m høgde. Eg for min del gjekk opp til ca 700 m.

Etter at vi hadde vore på muren var vi på kinesisk massasje. Her var vi massert på rygg og skuldrar, og etterpå fotmassasje.

Sommarpalasset var det siste store byggeprosjektet som Qing dynastiet sette i gang. Pengane skulle egentlig brukast til kanoner og skip for å stoppe audmjukingane, særleg frå europearane. Men det vart berre pengar til eit skip. Marmorbåten som ligg i den vestlege delen av sommarpalasset. Det var enkekeisarinna Cixi som starta utbygginga, som mellom anna omfattar ein kunstig innsjø. Det er fortalt at 300 bønder arbeidde i 13 år med å grave ut innsjøen.

Siste dagen var vi fri til å gjere kva vi ville. Saman med eit anna par tok vi drosje til himmeltempelparken der det m.a. er morgongymnastikk. Tempelet for bønn og god haust er kanskje Kina si vakraste etterlevning frå keisartida. Etter turen til himmeltempelparken reiste vi til Beijing Zoo og rusla rundt, mellom anna fekk vi sjå panda.

Turen tilbake gjekk om København, Oslo. Flyturen frå Beijing til København tok 9,5 time. Vi flaug over Mongolia, Russland, og kom inn over Østersjøen om lag på høgde med St Petersburg.



Åse og Trygve på "drosjetur"

Møte 18. september

Denne dagen var det rigga til med langbord på Sjøbua til Arne Lillebø i Brandal. Festkomiteen med Karl Johan Brandal, Egil Utgård og Terje Dalsøren i spissen, hadde laga til eit festmåltid beståande av reker, loff, mineralvatn og lettøl. Drøset gjekk livlig rundt bordet, medan rekemåltidet vart fortært.

Møte 25. september

Denne dagen skulle det vere dugnad på "Rotary stien", men det vart også denne gongen avlyst pga. utrygt ver. Nokre av pensjonistane i klubben tilbød seg å ta dugnadsarbeid på dagtid.

Presidenten refererte så frå distrikts-konferansen i Trondheim.

Hovudforedrag var ved statssekretær Bengt Eidem, som delte sine erfaringar frå han som frisk og aktiv vart alvorleg kreftsjuk og måtte innstille seg på et helt anna liv og ein mulig tidlig død. Dei små ting i livet vart viktige å gle seg over. Det var eit sær sars reflektert, filosofisk og djupt foredrag presidenten refererte frå.

Guvernøren vil arbeide aktivt for å auke medlemsmassen i klubbene og distriktet.

Den nye komité strukturen var på agendaen, der gjennomgåande ansvar linjer frå styre til den enkelte komité er sentralt.

Oppmjuking av reglene for godkjent fråvær var debattert på konferansen, der den enkelte klubb i større grad kunne vurdere fritak frå møteplikta etter lokale forhold.

Dette vart debattert vidare i klubben, der det frå mange av våre medlemmer vart uttrykt skepsis til å fråvike dei grunnprinsippa som er nedfelt i Matrikkelen. Denne debatten vil nok fortsette vidare både sentralt og lokalt.

Vi fekk heider for beste Internettside i distriktet på konferansen. Og heidrast den som heidrast bør. Presidenten fekk Oddvar Haugen fram og overbrakte klubbens takk til Oddvar som har vore ansvarlig for tilrettelegging og drift av internettsida sia starten. Prosjektet med høgtalaranlegg og linje frå kyrkja til sjukeheimen fekk også heider på konferansen, og Arve Røyseth som var president då dette kom på plass fekk sin del av æra for det.

Vidare vart det reist spørsmål frå John Stenes, om vi skulle sende ein eller to utvekslingsstudentar, sidan vi no hadde to kvalifiserte kandidatar.

For å sende to studentar, er det nødvendig med eit forpliktande samarbeid med ein naboklubb.
Styret vil drøfte dette vidare og sjekke ut muligheitene for samarbeid med naboklubbar.